



**Med Uskedal-innslag på laget og også trener her frå bygda har Rosendal sitt damelag gjort ein bra innsats.**

**Men søndag måtte dei gje tapt med 2-0 for tabelltoppen Bergen Nord/Hovding.**

Trenar Tor Gundersen synest likevel at damene gjorde ein god kamp. Dei var ikkje dårlegare enn motstandarane, berre litt mindre effektive foran mål. Dessuten hadde bortelaget ein utruleg god keeper.

Rosendal kjempa lenge øverst på tabellen og hadde ei stund håp om opprykk, men no vil laget truleg hamna på tredjeplassen, skriv Kvinnheringen. Det er trenaren tilfreds med sesongen sett under eitt.